



Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/8201 - 22/93410

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2022

Ferdigattest - gbnr 322/272 seksjonar 1-10 bustadblokk A felt B05
Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 1402/22
Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Ansvarleg søkjar: Tyark AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustadblokk A felt 05 på gbnr 322/273 seksjonar 1-10 Mjåtveitmarka. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/1738 datert 19.09.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.09.22 og supplert 27.10.22.

Skildring

| | |
|-----------------|--------------------------------|
| Adresse: | Mjåtveitmarka 19 5918 Frekhaug |
| Bygningstiltak: | Bustadblokk med 10 bueiningar |
| Bygningsnummer: | 300705919 |

| | |
|-----------------|----------------------------|
| Bruksareal: | Samla bruksareal: 554,4 m2 |
| Avlaup: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 0 |

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8201

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 AS

c/o Tysseland 5012
arkitektur AS
Valkendorfs gat
en 9

BERGEN

Mottakarar:

Tyark AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN